



# KonfCamp

## ETNE

**KONFIRMANTLEIR** 4.–8. APRIL 2020

# KonfCamp

KONFIRMANTLEIR  
ETNE 4.–8. APRIL 2020

For åttande år på rad har Acta – barn og unge i Normisjon den store gleda av å invitere til KonfCamp i Etne! Acta er mellom landets største aktørar på leir for barn og unge, og er no godt i gang med å bygge opp fleire leirar for konfirmantar rundt omkring i landet.

**De er inviterert!**

## Kvifor leir?

Nyare undersøking hjå konfirmantar viser til at leir, og særleg lengre leirar, er mellom dei mest utslagsgivande erfaringane for kristen tru og identitet i konfirmanttida. Å vere borte frå kvardagslivet sitt ei stund, i fellesskap med andre konfirmantar og leiarar, skapar ei heilt spesiell ramme for trusopplæring som er unik og verdifull.

Å legge til rette for leir kan derimot vere ressurskrevjande for ein kyrkjelyd. Difor ynskjer me å lage ein konfirmantleir der du som konfirmantleiar kan komme til dekkabord, og ha tid til å bygge relasjonar til dine konfirmantar! Me vil ta oss av det organisatoriske og programminnhaldet.

## Ein påskeleir med ski, snø og mykje anna ...

Ein av orsakene til at vi har valt å arrangere leiren i Etne, er fordi bygda ligg mindre enn 1 time frå Røldal skisenter. Dette skisenteret er mellom dei mest snøsikre i landet og er anerkjend av skikøyrarar utanfor landegrensene! Konfirmantane kan velje skidagar i Røldal skisenter som aktivitet. Vi har ordna ein gunstig avtale med skisenteret som inkluderar dagspass og transport for både konfirmand og leiar.

I tillegg tilbyr vi mange andre spanande aktivitetar som for eksempel fotball, volleyball, strikk & snakk, båltur, kunst, dans, drama og klatring. Vidare er det gode høve for å gå på langrenn i traktene rundt Røldal.

## Kva vil leiren elles innehalde?

Aktivitetar, diskotek, kino, KonfCafe, seminarar, speed-dating, radio konfcamp Etne og spennende kveldshow er berre noko av det konfirmantane vil kunne oppleve i Etne, i tillegg til det sosiale livet som følger med leir!

## Kva vil me fokusere på i konfirmantundervisninga?

Gjennom bibeltimar, kveldsmøte, aktivitetar og seminar vil du få dekt 20 timer av konfirmantundervisninga. Vi skal innom fleire sentrale element av kristen tru, men påskeforteljinga som rammar inn leiren vil utgjere eit naturleg tyngdepunkt. Her er skissa for dei ulike dagane, med utgangspunkt i trusopplæringsplanen:

- ✿ **Laurdag** Tema: Loved. Identitet, skapt/ynska/elska i Guds bilete.
- ✿ **Søndag** Tema: Bøn. Truspraksis.
- ✿ **Mandag** Tema: Kompis. Venskap, nestekjørleik, solidaritet.
- ✿ **Tysdag** Tema: Liv. Forsoning, synd, død, liv. Påska sitt store tema. Det vonde sitt problem.

I tillegg til dette vil me ha seminar, smågruppessamlingar og spørsmålsforum. Me trur det er viktig med mindre fora som kan romme konfirmantane sine spørsmål og tankar kring liv, tru og tvil.

## Praktisk info

- ✿ Kvar kyrkjelyd melder seg på med sine konfirmantar og stiller med 1 leiar per 8. deltar. De kan ta med heile eller delar av konfirmantkullet.
- ✿ Me sørger for frukost, middag og kveldsmat, med mogelegheit til å smøre sin eigen lunsj.
- ✿ Berekna påmeldingspris per konfirmand og konfirmantleiarar er kr 2549,-. Me tek etterhald om små prisjusteringar.
- ✿ Leiren vil i all hovudsak gå føre seg på Etne kulturhus og i Etne kyrkje (ca. 200 m avstand), medan overnattinga vil skje i eigne klasserom på Enge skule som ligg rett ved sida av Etne kulturhus.
- ✿ Kvar kyrkjelyd ordnar eigen transport tur/retur Etne.



**Radio**  
Basketball Konsertar  
**KonfCafe** Volleyball **Kreativitet** Fotball  
Konkurransar Bältur **Venner** Klatring  
Seminarer **Tru** Grill ein leiar **Kveldsshow** Håp  
Kakao Workshops **Meininga med livet** Oppstode Vår  
HipHop Sove Leik **Underhaldning** Elska Flørtning Undervisning Nysgjerrigkeit Bøn  
Glede Misjon **Ski** Spørsmål Sjølvbilde Gøy Kors God tid **Fellesskap** Unik  
Inspirasjon Mangfold Nattverd Disko **God stemning**  
Minner **Overraskelsar** God mat Kino Fest  
Gode leiarar Latter Alpint **Gud** Humor  
Snø Brettspel



# Bli med på KonfCamp i vest!

## PÅMELDING

Påmelding fra 1. januar 2020 på [www.checkin.no](http://www.checkin.no)

Søk på «KonfCamp etne 2020» Har de fleire spørsmål om leiren?

Ta kontakt via e-post eller telefon!

## KONTAKTINFO:

Acta – barn og unge i Normisjon | Tlf.: +47 23 30 10 00

E-post: [konfcampetne@normisjon.no](mailto:konfcampetne@normisjon.no)

**KonfCamp**  
ETNE

 **acta**  
barn  
og unge i  
**normisjon**